

---

# ÅRSMELDING

---

2016

# Årsmelding 2016

## Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling SA (HLB)

HLB har kontoradresse og hovudadministrasjon i Rogaland Landbrukspark, på Særheim i Klepp kommune, Rogaland.

Undervisninga føregår i Rogaland Landbrukspark, i tillegg er nokre kurs/samlingar desentraliserte. HLB er medlem i studiesenteret.no. Difor er det no fleire studentar som får høve til å følgja undervisninga på Særheim frå studiesenter andre stader i landet. Høgskulen har også oppretta ei Nordavdeling, i Steigen Kommune.

Alle våre studentar går enten på bachelorprogrammet Bachelor i nyskaping og samfunnsutvikling, eller ymse fagkurs i samfunnsentreprenørskap.

HLB har vore involvert i ei rekke forskings- og utviklingsprogram i 2016 og har produsert fleire faglege publikasjonar.

HLB har i meldingsåret hatt 9 fast tilsette (6 fulltid), og tre tilsette med timeavtalar.

Det er 4 kvinner og 8 menn i 2016.

Fagstaben består av 8 tilsette, der det er 25% toppkompetanse, 25 % førstekompetanse, og 50 % grunnkompetanse. Totalt 5,1 faglege årsverk.

Det er ikkje registrert skader eller ulukker på arbeidsplassen i 2016.

Det er ikkje forhold ved verksemda som påverkar det ytre miljøet.

Skulen har stilt lån til ein av våre tilsette. Utover dette er der ikkje stilt garantier eller lån til andre tilsette, styremedlemar eller andre.

### **Vurdering av utsiktene for vidare drift:**

Føresetnad for framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Årsresultatet i 2016 er eit underskot på kr. 28 605.

Styret er tilfreds med resultatet trass i at dette er noko svakare enn budsjettert, men etterlyser høgare omsetning til neste år. Årsaka er er lågare oppdragsverksemd og studieavgift enn budsjettert, som skuldast sjukdom i staben og utsetting av mastergradsprogrammet vårt. Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilde av HLB sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret vil arbeide vidare med å styrkje det økonomiske grunnlaget for HLB gjennom auka inntekter og kostnadskontroll. Det er lagt stor vekt på å auke oppdragsinntekter fram mot 2018 i styret, som staben jobbar hardt med å få til. Dei siste åra har HLB vore utdanningsinstitusjon i Noreg med desidert høgast oppdragsinntekter pr. fagleg årsverk.

Styret meiner at grunnlaget for vidare utvikling av HLB etter dei måla som gjeld for høgare utdanning er god ved utgangen av dette meldingsåret.

Styret vil tilrå vidare drift.

Særheim 23.02.2017.



Odd Arild Kvaløy  
Styreleiar



Leif Kåre Lende  
Nestleiar



Dag Jørund Lønning  
Rektor



Ola Hedstein  
Styremedlem



Bjørg Tysdal Moc  
Styremedlem



Jofrid Torland Mjåtveit  
Styremedlem



Rihys Evans  
Styremedlem



Monica Birkeland  
Styremedlem